Gerhard Bringsvor,
Sandshamn.

M.o.R.
Sande
1.

Emne Nr 3. Um Ølbrygging! A

Spursmål 1- Nei det er heilt slutt med at folk brygger Øl i våre bygder

2. Her har ikkje vore brygga Øl dei siste 50 år. Det sleng berre att litt segner um dette, men kan ikkje sikkert segja, um det er sant!

3 Dei som brukte rusdrykk tok helst til å kjöpa Brennevin, seinare Akvavit, og andre sterke saker. Til Jul var det nokso vanleg at folk kjöpte slike saker, som dei hadde og skjenka slegt og venner med. I åra 1870 og ut over til 90 åra, var her skipa mange Fråhaldslag. Frå 90 åra og utover vart her og skipa losjar i kvar bygd. Frå 80 åra og utover var her og store relgiöse vekkingar ved ymse emisærar. Difor vart drikkevanarne stort sett burte. Dei siste åra har ikkje dette forhold vore so godt. Fråhaldslaga er vortne umoderne, og so er det lett tilgang på rusdrikk frå Vinmonopolet i byane, likeins er det ein del som lagar saft, av ymse slags rot, som vert brukt til drykke!

Spursmål 4-5-6 Kjenner ikkje til brygging av desse nemde ölsortane!

Sp 7. Har höyrt at det var helst husfarne som stelte med ölbryggjinga

Sp 8 Ja det var summe som var flinkare enn andre å brygga öl, og desse var gjerne med, i råd og dåd, når nokon skulda brygga öl!

10280

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

2.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Ølbrygging

Tilleggsspørsmålnr. 9

Emne :

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor

(adresse) : Sandshamn

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Sande

Bygdelag: Sandsøy

Gard: Nore Sande

G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursmål 9. Nei dei brygga kvar for seg!

—"— 10. Dei brygga til Jul. Til Fiskja. Til Slåtten og til Bryllup. Har aldri høyrt at det var brygga til Barnedåp og begravelse!

—"— 11. Til Bryllup var det brygga fleire tunner, ettersom Bryllupet skulde vera stort eller lite. Til Fiskja eller slåtten, var det ofte berre ei tunne, eller slik som dei hadde råd.

—"— 12. Ja især velstående folk vilde gjerne ha øl stående, om det kom tilfeldige gjester. Men like ofte var det å sjenka av flaska i skåpet, enten det var Rømmevin. Men Akevitt!

Malt —"— 13. Folk bløytte kornet, og mol maltet på Kverna.

—"— 14. Det var visstnok brukt berre Bygg til Malt, og dei fleste folk dyrka Bygg i dei dagar.

—"— 15. Ja dei tok av beste kornet, og ei eller fleire tunner, etter som det var gode eller dårlige år. Men det hende, i dårlegår, at det ikkje vart brygga.

10280

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spursmål 16. Har høyrt, at dei hadde ein Så eller kar dertil, som dei bløytte kornet, i. Um dei skifte vatnet veit eg ikkje!

— " — 17. Har høyrt 3 vikor!

— " — 18. Dei hadde eit lite hus mest på kvar gard som dei kalla Maltkjylna, Der var ein lem oppe under taket, som dei la Maltet til Spiring Dei gjekk der og snudde i det, ein og annan dagen.

— " — Dette veit eg ikkje!

— " — 20. Ja fyrst breidde dei eit åklæde over!

— " — 21. Ja dei rørte i med ei Turkekore so og te.

— " — 22–23. Har kje høyrt noko visst um dette.

— " — 24. Dei kalla grorm for ål!

— " — 25. Har høyrt, ein 4 vikers tid!

— " — 26-27.28.29. Kan kje segja noko visst um dette!

— " — 31.32.33. Har kje høyrt noko sikkert um dette.

— " — 34. Dei kjøbte Humle med seg heimat, når dei var på Bergenstur, for å gjera innkjøp for året.

— " — 35. Folk likte best kjøpt Humle!

— " — 36. Humla opbevarte dei i eit tett kjerald!

— " — 37. Kjenner ikkje til dette!

— " — 38. Dei brukte storekjerald, som kallast for ei Så. Desse tok ofte fleire tunnor!

— " — 39. Kjenner ikkje til, kor dette gjekk for seg!

— " — 40. Har høyrt, at dei sila, gjenom Halm, men dette med Kipperen veit eg ikkje!

— " — 41. Dei hadde spunseholet med med botnen, på Sån Oftast var det laga, ei kran av tre, som dei opna og stengde, når dei skulde tappe Øl!

10280

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spurnål 42. Ølbrygging! 4.

43:44. Kan ikkje svare på disse spursmål.

— " — 45. Det urörte maltet vart kalla Meisk. og det kallast å Meiske!

— " — 46-47-48-49-50-51. Er for ung å vite um dette!

— " — 52- Veske var kalla, for Vörter, her kjå oss!

— " — 53-54-55-56-57.

— " — 58. Det var noko, dei kalla Opskok. Det var ein lettare ölsort!

— " — 59. Det som var att i Karet, kalla dei Drav!

— " — 60. Har kje höyrt, at det var brukt korkje i Flatbröd, eller til kreaturfor!

— " — 61.62. Dette veit eg ikkje å svare på!

— " — 63. Har höyrt at dei sa jöster!

— " — 64-65-66-67-68-69-70. Kan ikkje svare på dette!

— " — 71. Har höyrt at dei lånte friskt Gjær kjå kvar andre!

— " — 72-73. Kan ikkje svare på dette!

— " — 74. Har höyrt, at alle i huset og grannar, vart
75? bodsendte for å smaka Opskoka! Sidan vart det gode ölet fylt på Tunnar og Kaggar!

— " — 76. Nei ikkje anna gilde, enn folk som kom og gjekk, og smakte på sakene!

— " — 77- Då gjekk dei rundt til kvar andre og smaka på sortane!

— " — 78- Nei gilde, eller gjestbod var det berre i Julehelga. I gravferder kan ikkje gamle folk hukse, at det har vor brukt, nokon slags rusande drikke!

— " — 79. Ja det var öl dei brukte å traktere folk som kom forbi med!

— " — 80- Jau, det skulde vera eit tomrom, nokre tummar under spunsen, so om det kova seg skulde det ikkje renna over!

— " — 81- Dei lagra altid Ølet i kjellaren, eller i andre kalde rom!

10280

— " — 82- Har kje höyrt, anna råd, enn å halda det kaldt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Ølbrygging!

Spm 83 Ølet skulda vera mörkebrunt, eller var det lett og dårleg!
Nei dette har eg ikkje greie på!
—"—84 Ja var ölet, ikkje sterkt, var det teiken på at det var ein gjerrig, eller pinete mann, som hadde brygga det!
—"—85
—"—86 Ja både Julaölet og Bryllupsölet skulde vera sterkt.
Spm 87–88 Har kje höyrt noko um dette!
—"—89 Jau det var helst om natta Bryggjinga gjekk fyre seg.
—"—90 Har kje höyrt at det skulde vera stilt i huset!
—"—91 Har kje höyrt, at dei brukte, noko sers på vatnet, her
—"—92 Har kje höyrt, at ein brukte, korkje kors eller anna ved dett!
—"—93 Nei slik overtru, må ligga veldig langt attende i tida!
—"—94 Vei ingen ting om dette!
—"—95 Har höyrt at dei slo öl på Tunbjörka!
—"—96 Har kje höyrt, at dei slo öl på åkrane!
97–98 Veit ikkje, eller har höyrt, noko som kan vera svar til dei tvo siste spursmåla!

## Mjöd!

99/103 Desse spursmål um Mjöd veit eg ikkje. Har aldri höyrt gjere nokon drykk som vart kalla Mjöd, i det siste hundrad år. Kjennar berre namnet frå Soga!



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING